

**Nye Ålesund kommune**  
Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

[View this email in your browser](#)

Hvis bildene ikke vises må du høyreklikke på bildets plassering og velg "last ned bilder".

## Informasjonsbrev juni 2017



Dette er eit nyheitsbrev som går ut til alle tilsette i nye Ålesund kommune. Brevet er meint å sikre at alle tilsette får samtidig og likelydande informasjon.

### **Open Facebookside for tilsette**

Det er oppretta ei open facebookside for tilsette i nye Ålesund. På sida Tilsette i nye Ålesund vil det vere mogleg å stille spørsmål og komme med synspunkt. Ver merksam på at sida også er tilgjengeleg for dei som ikkje er tilsette i nye Ålesund kommune. Det er framleis [nyealesund.no](http://nyealesund.no) som er hovudkanalen for informasjon til tilsette og ingen informasjon blir lagt eksklusivt på facebook. Vi oppfordrar alle tilsette til å [følgje facebooksida](#).

### **Arbeidet med å finne rådmann til nye Ålesund er i gang**

Rekrutteringsfirmaet Amrop Delphi har fått tilslaget om [å finne rådmann til nye Ålesund kommune](#). Tilsettinga av rådmann i nye Ålesund skjer etter planen i fellesnemnda sitt møte 5. oktober.

## Intensjonsavtalen er signert




Intensjonsavtalen blei ferdig behandla i styringsgruppa 18. mai 2017 og blei signert av alle ordførarane 19. juni. Intensjonsavtalen frå juni 2016 er oppdatert etter at Haram og Ørskog kom med i nye Ålesund. [Les meir.](#)

## Lokaldemokrati

Korleis opplever innbyggjarane og dei folkevalde tilstanden til lokaldemokratiet i kommunane som er i gang med å danne nye Ålesund kommune? Vi tek del i ei undersøking. [Les meir.](#)

**Følg med i arbeidet!**



Prosjektet med å bygge nye Ålesund er godt i gang. Dei fleste delprosjekta som er starta har hatt møte. På nettsida [nyealesund.no](http://nyealesund.no) kan du følgje arbeidet, sjå når dei forskjellige delprosjekta har møte og lese referata, når dei er klare. Sjå på [nyealesund.no](http://nyealesund.no) under [Om nye Ålesund kommune og delprosjekt](#).

### Felles kommunestyremøte

21. juni klokka 15.00 blir det felles kommunestyremøte for alle dei deltakande kommunane som skal danne nye Ålesund. Møtet blir halde på NMK med 133 politiske representantar + representantar frå administrasjonane og tillitsvalde. Møtet blir streama på [nyealesund.no](http://nyealesund.no) og på [Facebooksida Tilsette i nye Ålesund](#). Følg med! Om du mottar brevet etter møtet er ferdig, vil ein video frå møtet bli lagt tilgjengelig på [nyealesund.no](http://nyealesund.no). [Les meir](#).

### Arbeidet framover

8. juni gjorde Stortinget sitt vedtak om at nye Ålesund skal bestå av fem kommunar: Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund. Desse kommunane skal saman danne ei NY kommune. Det er ingen av kommunane som skal gå inn i ein annan.

## **Hausten 2017**

Den nye kommunen sitt namn og nummer blir bestemt i Kongeleg resolusjon. Nye Ålesund får utbetalt eingongstilskot – 60 millionar kroner om vi er fem kommunar.

Stortingsval 11. september: Om det blir regjeringsskifte, så er det opna for at dei kommunane som er blitt tvangssamanslått kan søke om å gå tilbake til den opprinnelege kommunen.

Rådmann i nye Ålesund er planlagt tilsett i fellesnemnda sitt møte 5. oktober.

---

*Copyright © nye Ålesund kommune*

[www.nyealesund.no](http://www.nyealesund.no)